

**KOMMISJONSDIREKTIV 94/26/EF****av 15. juni 1994****om tilpassing til den tekniske utviklinga av rådsdirektiv 79/196/EØF om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om elektrisk utstyr med visse beskyttelsesarter til bruk i eksplosjonsfarlige omgivelser(\*)****KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESKAPA HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 76/117/EØF av 18. desember 1975 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om elektrisk utstyr til bruk i eksplosjonsfarlige omgivelser<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 5,

med tilvising til rådsdirektiv 79/196/EØF av 6. februar 1979 om tilnærming av medlemsstatenes lovgivning om elektrisk utstyr med visse beskyttelsesarter til bruk i eksplosjonsfarlige omgivelser<sup>(2)</sup>, sist endra ved direktiv 90/487/EØF<sup>(3)</sup>, særleg artikkel 5, og

ut frå desse synsmåtene:

Vedlegg I til direktiv 79/196/EØF må tilpassast den tekniske utviklinga gjennom å innarbeide fem nye europeiske standardar som nyleg er utarbeidde av Det europeiske utvalet for elektroteknisk standardisering (CENELEC).

På bakgrunn av det noverande utviklingssteget i teknikken er det naudsynt å tilpasse dei harmoniserte standardane som er nemnde i vedlegg I til direktiv 79/196/EØF.

På grunn av eigenarta til det aktuelle utstyret må det fastsetjast ei overgangsordning som gjev industrien høve til fullgodt å tilpasse seg dei endringane som vert gjorde i standardane.

Tiltaka i dette direktivet er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for tilpassing til den tekniske utviklinga av direktiv om fjerning

av tekniske handelshindringar på området elektrisk utstyr til bruk i eksplosjonsfarlege omgjevnader -

**VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:****Artikkel 1**

Vedlegg I til direktiv 79/196/EØF vert bytt ut med vedlegget til dette direktivet.

**Artikkel 2**

1. Medlemsstatane skal setje i kraft dei lovene og forskriftene som er naudsynte for å rette seg etter dette direktivet, innan 31. mars 1995. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

Når desse føresegnene vert vedtekne av medlemsstatane, skal dei ha ei tilvising til dette direktivet, eller det skal visast til direktivet når dei vert kunngjorde. Medlemsstatane fastset korleis tilvisinga skal gjerast.

2. Fram til 30. juni 2003 skal medlemsstatane framleis nytte dei tiltaka som er fastsette i artikkel 4 i direktiv 76/117/EØF, på utstyr som er i samsvar med dei harmoniserte standardane som er nemnde i direktiv 79/196/EØF, i versjonen av 17. september 1990, etter samsvarssertifikatet som er nemnt i artikkel 8 i direktiv 76/117/EØF, dersom sertifikatet er utferda før 1. mars 1996.

**Artikkel 3**

Dette direktivet tek til å gjelde 20. dagen etter at det er kunngjort i Tidend for Dei europeiske fellesskapa.

Utferda i Brussel, 15. juni 1994.

For Kommisjonen

**Martin BANGEMANN**

Medlem av Kommisjonen

(\*) Denne EF-rettsakt, kunngjort i EFT nr. L 157 av 24.6.1994, s. 33, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 31/94 av 15. desember 1994 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(<sup>1</sup>) TEF nr. L 24 av 30.1.1976, s. 45.

(<sup>2</sup>) TEF nr. L 43 av 20.2.1979, s. 20.

(<sup>3</sup>) TEF nr. L 270 av 2.10.1990, s. 23.

# VEDLEGG

## «VEDLEGG I

### HARMONISERTE STANDARDER

De harmoniserte standarder som utstyret skal være i samsvar med, avhengig av beskyttelsesart, er de europeiske standarder som det vises til i tabellen nedenfor.

#### Europeiske standarder

(utarbeidet av CENELEC, Rue de Stassart 35, B-1050 Brussel)

Nummer	Tittel	Utgave	Dato
EN 50014	- Elektrisk utstyr til bruk i eksplosjonsfarlige omgivelser: generelle regler  - Endring 1 juli 1979  - Endring 2 juni 1982  - Endring 3 og 4 desember 1982  - Endring 5 februar 1986	1	mars 1977
EN 50015	- Elektrisk utstyr til bruk i eksplosjonsfarlige omgivelser: oljefylt utførelse «o»  - Endring 1	1	mars 1977  juli 1979
EN 50016	- Elektrisk utstyr til bruk i eksplosjonsfarlige omgivelser: overtrykkskapsling «p»  - Endring 1	1	mars 1977  juli 1979
EN 50017	- Elektrisk utstyr til bruk i eksplosjonsfarlige omgivelser: sandfylt utførelse «q»  - Endring 1	1	mars 1977  juli 1979
EN 50018	- Elektrisk utstyr til bruk i eksplosjonsfarlige omgivelser: eksplosjonssikker utførelse «d»  - Endring 1  - Endring 2  - Endring 3	1	mars 1977  juli 1979  desember 1982  november 1985
EN 50019	- Elektrisk utstyr til bruk i eksplosjonsfarlige omgivelser: tenssikker utførelse «e»  - Endring 1  - Endring 2	1	mars 1977  juli 1979  september 1983

Nummer	Tittel	Utgave	Dato
	- Endring 3		desember 1985
	- Endring 4		oktober 1989
	- Endring 5		august 1990
EN 50020	- Elektrisk utstyr til bruk i eksplosjonsfarlige omgivelser: egensikker utførelse «i»	1	mars 1977
	- Endring 1		juli 1979
	- Endring 2		desember 1985
	- Endring 3		mai 1990
	- Endring 4		mai 1990
	- Endring 5		mai 1990
EN 50028	- Elektrisk utstyr til bruk i eksplosjonsfarlige omgivelser: innkapsling «m»	1	februar 1987
EN 50039	- Elektrisk utstyr til bruk i eksplosjonsfarlige omgivelser: egensikre elektriske systemer «i»	1	mars 1980
EN 50050	- Elektrostatisk håndsprøyte-utstyr	1	januar 1986
EN 50053 (del 1)	- Elektrostatisk håndsprøyte-utstyr for maling med en energi på maksimum 0,24 mJ og tilhørende utstyr		februar 1987(*)
EN 50053 (del 2)	- Elektrostatisk håndsprøyte-utstyr for pulver med en energi på maksimum 5 mJ og tilhørende utstyr	1	juni 1989(*)
EN 50053 (del 3)	- Elektrostatisk håndsprøyte-utstyr for fnugg med en energi på maksimum 0,24 mJ eller 5 mJ og tilhørende utstyr	1	juni 1989(*)

(\*) Bare de nummer som omhandler produksjon av det utstyr som er beskrevet i standard EN 50053 del 1, 2 og 3, får anvendelse.»